

Hr. Edvard Marvik,
S a n d i R y f y l k e.

Du er ein rüynd mann når det gjeld kjüt og slakt, og difor kjem eg nå til deg med eit spørsmål som eg vonar du kan hjelpe meg med.

Eg arbeider nå her ved Norsk Etnologisk Gransking. Det er reelt ei avdeling her ved Norsk Folkemuseum og har til formål å samla inn opplysningar om gammalt arbeidsliv på bygdene. Medhar sendt ut til medarbeidarane våre ein del spørjelister om føring i gamal til. Ei av desse listene gjeld skav. Eg sit nå og arbeider med dei svara som er komne inn på denne lista; det er tanken at det skal verta eit lite skrift av det.

Ein av medarbeidarane våre, Gudmund Jårvik i Erfjord, fortel: "Kjütet av krüter som hadde fått mykje skav vart svart so det var vanskeleg å selja." Ingen av dei andre medarbeidarane våre har fortalt noko liknande.

Nå ville eg gjerne få spørja deg om du kjenner til at skavet har hatt nokon verknad på kjütet (og korleis), anten slik at du har høyrt det av far din eller andre eldre slaktarar eller rüynt det sjölv i di tid.

Eg ville vera svært glad om eg kunne få høyra frå deg om ikkje altfor lenge.

M e d h e l s i n g

Andreas Ropeid

Gkar 7.

*Sand.
Rogaland.*

BYGDØY, 19.....

Avskrift.

Eg kjenner ikkje til at skav skulle ha nokon verknad på
kjøtet slik at dette var svært vanskelig å selja.
Andre slaktarar som eg har tala med kjenner heller ikkje
til noko slikt.

Sand i Ryflke, den 28. desember 1953.

Med helsing Edv. Marvik.